

**Sakshandsamar:**

Elisabeth Veivåg Helseth

E-post: Elisabeth.Veivag.Helseth@sfj.no

Tlf: 57 65 62 93

Vår ref.

Sak nr.: 10/6725-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

9345/11

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 24.03.2011

Miljøverndepartementet

Høyringsfråsegn på NOU 2010:10 - Tilpassing til eit klima i endring. – fråsegn vedteke i Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane 23. mars 2011.

1. Godt grunnlag for arbeidet med klimatilpassing

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring legg eit godt grunnlag for å styrkje arbeidet med klimatilpassing i Noreg. NOU-en famnar om svært mange tema, og det vil vera behov for å arbeide vidare og konkretisere tiltak og verkemiddel innafor fleire av områda. Vi sluttar oss til det overordna prinsippet om at omsynet til klimaendringane må integrerast i alle samfunnområda.

2. Kommunane i frontlinja

Kommunane vil spele ei avgjerande rolle om tilpassingsarbeidet skal lukkast. Med dei oppgåvene kommunane har i dag, ikkje minst innan fysisk planlegging, vil kommunane vera i frontlinja og det myndighetsorganet som i første rekke må integrere omsynet til klimatilpassing i samfunnsplanlegginga. Skal kommunane makte denne oppgåva, må kommunane få tilgang på verkemiddel og verktøy som gjer dei i stand til å integrere klimatilpassing særleg i arealplanlegginga. Ein klar føresetnad dersom kommunane skal lukkast i dette arbeidet er at nye oppgåver til kommunane innafor klimatilpassing vert fullfinansierte.

3. Utsleppsreduksjon må ligga til grunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil peike på at omfanget av klimatilpassinga vil vera avhengig av om ein lykkast med å redusere klimagassutsleppa. Lukkast ein ikkje med å redusere klimagassutsleppa vert kommunane sine oppgåver knytt til klimatilpassing meir omfattande. Manglande resultat i arbeidet med å redusere klimagassutsleppa må ikkje føre til auka tilpassingskostnader for kommunane.

4. Meir heilskapleg klimapolitikk

Sogn og Fjordane fylkeskommune er opptatt av at den nasjonale klimapolitikken må verta meir heilskapleg. Regjeringa må sjå utsleppsreduksjon og klimatilpassing i samanheng. Tiltrådingar frå Klimakur 2020 og tilrådingar frå NOU 2010:10 Tilpassing til eit klima i endring, bør sjåast i samanheng i framtidige klimameldingar.

5. Regional rolleavklaring

Gjennom rolla som regional planstyresmakt spelar fylkeskommunen ei nøkkelrolle i klimaarbeidet. Denne rolla må tydeleggjerast og fylkeskommunen bør verta tillagt større ansvar i høve tilpassing til klimaendringar. Planforum vert i NOU-en anerkjent som ein viktig arena drifta av fylkeskommunen, men rolla til fylkeskommunen bør gå utover Planforum. I arbeidet med tilpassing til klimaendringar bør fylkeskommunen ha rolla som rettleiar, pådrivar, verkemiddelaktør, kompetanseutviklar og nettverksbygger. Fylkesmannen vert i NOU-en tiltenkt svært mykje ansvar i høve tilpassing til klimaendringar. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner



fylkesmannen bør reindyrka kontroll og tilsynsrolla, og ikkje bli tilegna rolle både som rettleiar og kontrollør.

6. Klimatilpassing i plan og bygningslova

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til at kommunane sitt ansvar til å ta omsyn til klimaendringane i arealplanlegginga vert innarbeidd i forskrift etter plan og bygningslova. Denne forskrifta bør vera tydeleg på dei kommunale pliktene. Tydelege lovkrav gjev grunnlag for ei effektiv oppfølging av kommunane. Eit slikt lovkrav må følgjast opp med tilstrekkelege verkemiddel som gjer kommunane i stand til å stetta lovkrava.

7. Mot øyremerking

Sogn og Fjordane fylkeskommune er prinsipielt i mot øyremerking av statlege løyvingar. Øyremerka midlar vil ikkje gje grunnlag for å prioritere lokalt mellom ulike oppgåver kommunen er sett til å løyse, kan verka lite økonomisk effektivt og kan redusere den lokalpolitiske handlefridomen.

8. Vedlikehaldsetterslep

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samd i analysen om at vedlikehaldsetterslepet aukar sårbarheita i samfunnet for klimarelaterte skader og at auka vedlikehald må prioriterast. Kommunale bygningar og kommunale vegar er område med eit stort vedlikehaldsetterslep. Sentrale styresmakter bør i fellesskap vurdere kva verkemiddel som bør setjast i verk for å redusere vedlikehaldsetterslepet serleg knytt til den kommunale bygningsmassen. Her bør også andre verkemiddel vurderast enn dei som utvalet peikar på.

9. Fylkesvegnettet

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i utforminga av samferdslepolitikken, både i høve kollektivtransport og som vegeigar. Tilpassing til klima, både i dag og i framtida, krev at ein stoppar forfallet og hevar standarden på fylkesvegnettet. Ein merkar seg at utvalet meiner det betydelege vedlikehaldsetterslepet for både veg- og jernbane gjer at infrastrukturen ikkje er tilpassa klimaet i dag, og at utvalet peikar på alvoret i dette for tilpassing til klimaet i framtida. Trafikkantane skal kunne ha tillit til at det er trygt å ferdast langs det offentlege vegnettet. Det er derfor svært viktig at arbeidet med ras- og flaumsikring nasjonal vert intensivert, slik utvalet peikar på. Det er avgjerande at fylkeskommunen får auka inntektsrammer for å møte kostnader med ras- og flomskade og å heve standarden på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane.

10. Vatn og avløp

Sogn og Fjordane fylkeskommune vil i det alt vesentlege slutte seg til dei framlegga til tiltak som utvalet tilrår innafor vatn og avløp. Vi vil særleg peike på behovet for å styrkje utdanningskapasiteten for VA-ingeniørar. Mange kommunar slit i dag med å rekruttere kompetent arbeidskraft til VA-sektoren. Vi vil også peike på at eksisterande finansieringsordningar innafor VA-sektoren bør klargjerast og vidareutviklast i den retninga som utvalet peikar på.

11. Kulturminnevernet

Kulturminnemyndigheitene bør få midlar til å kartleggje konsekvensar av klimaendringar for kulturminne og kulturmiljø. Som del av dette må det leggast vekt på å få på plass ei kartlegging/dokumentasjon av den verneverdige bygningsmassen. Det bør også utarbeidast ein nasjonal handlingsplan/beredskapsplan for å løyse utfordringane knytt til klimatilpassing av kulturminne og kulturmiljø. Som del av denne bør ein etablere eige miljøovervåkingsprogram for kulturhistorisk bygningar som er spesielt klimautsette.

Med helsing
Elisabeth Veivåg Helseth
klimakoordinator

Mottakar (ar)

Miljøverndepartementet